Årsmelding 2019 Langrennsgruppa

Styret 2019: - leiar: Daniel Breivik

- Kasserar: Magnar Breivik

- Anleggsansvarleg Bondalseidet: Arild Bjørdal

- Anleggsansvarleg Mosløypa: Helge Moe

- Trakkeansvarleg: Jan Olav Bjørdal

Sportsleg resultat: Det har ikkje vore mange sportslege resultat å snakke om i 2019. Kun på Birkebeinerrennet og nokre få lokale turrenn finn ein løparar fra Øil på startlista, men det er få som stiller.

Aktivitet: Vinteren 2019 starta bra med fint vinterver i januar. Det var flotte forhold og mange som nytta skiløypene både på Mo og på Bondalseidet, men mildver tok etter kvart knekken på skiføret i Mosløypa. På Bondalseidet varte skiføret ein god del lenger, men forholda var ikkje dei beste. Litt snø før jul førte til opning av løypene i månadskiftet november/desember både på Mo og på Bondalseidet.

Anlegg: I løypa på Mo vart det skifta brudekke på brua over Andagrova fremst på Daleteigane og over kanalen framom Askjellhaugen. Det vart rydda skog og kratt langs løypetrasseen. Vi fekk låne gravemaskina til Agnar Moe og fekk utbedra trasseen frå setrevegen og ned mot steinbrua ved Daleteigane og retta ut trasseen oppom setrevegen i same område.

På Bondalseidet vart tilkomstrassen til stadion ferdigstilt med drenering, lys, veiduk og flis. Hovdebygda IL har stått ansvarleg for arbeidet med dette, med dugnadshjelp frå oss. Gjenopning av den gamle 2,5km trasseen vart ikkje påbegynt, men det er planlagt i 2020.

Økonomi: Rekneskapen for 2019 er ikkje ferdig på noverande tidspunkt. Det er ikkje gjort store investeringar i anlegg eller maskiner i 2019 og det ser ut til å vere eit positivt driftsresultat. Dårlige vintrar gir redusert innbetalingar frå brukarane av løypene. Dette er spesielt merkbart på Bondalseidet. Innbetalingane til Bondalseidet skiturlag var ikkje på meir enn ca 22000kr i 2019. Det er omtrent halvparten av beløpet som kom inn i 2018. Brukarane av løypene på Mo bidreg meir, og innbetalingane kjem gjennom heile året takka vere turstiane i området.

For styret i langrennsgruppa

Daniel Breivik